

KJELDE-CD 3

Innherred som musikalsk tradisjonsområde

Innenfor folkemusikkmiljøet er begrep som “innherredsspill” og “innherredsslåtter” blitt et relativt vanlig begrep, uten at man kanskje helt vet hvordan man avgrenser bruken av uttrykket. Innherred omfatter vanligvis kommunene Levanger, Verdal, Inderøy og Steinkjer, men også Frosta og Verran regnes ofte til Innherred. Mange vil nok med en viss rett påstå at det er klare forskjeller i både repertoar og spillestil innenfor dette området. Det er f.eks. betydelig avstand mellom spillestilen til spelmennene Asbjørn Indahl i Verdalen og Arne Nordtug i Beitstad, og mellom Magnus Erzgaard i Frol og Odin Oksås i Steinkjer. Begrepet tradisjonsområde innebærer derfor slett ikke at alt må klinge relativt likt innenfor dette området. Tar vi f.eks. for oss en enkelt kommune som Steinkjer ser vi at det også her finnes mange ulike spillestiler, hvor skillelinjene til dels kan gå mellom de enkelte bygdene. Men vel så ofte ligger forskjellene på det individuelle plan. Som individer er vi forskjellige, dermed blir også framføringen av tradisjonsmusikken forskjellig fra individ til individ, ofte også fra framføring til framføring.

Til tross for en rekke lokale og individuelle forskjeller blir begrepet innherredsspill likevel meningsbærende fordi det innenfor dette området også finnes en lang rekke klare fellestrekk: Vi møter et relativt stort fellesrepertoar, det er de samme slåtte- og dansetyper som dominerer, spillestilen på fele har mange likhetstrekk, dansetakten i spillet er ganske ensartet, enkelte tonearter forekommer oftere her enn i andre deler av landet og samspill er svært utbredt og ofte bygget over samme lest.

Felespillet på Innherred har fått impulser fra flere ulike distrikter. Særlig har kontakten med Jämtland og Sverige vært sterk, og blant de felespillerne som besøkte Innherred var den legendariske felespilmannen Lapp-Nils (1804-70). Han besøkte bl.a. Verdal og muligens Levanger sammen med sin mor i 1817-18, en periode hvor han utviklet seg sterkt som spilmann. En rekke av slåttene vi kjenner fra spesielt Verdals-tradisjonen er også dokumentert i mange bygder i Jämtland og Härjedalen, uten at dette nødvendigvis betyr at slåttene er kommet derfra. Det kan like gjerne være slik at Lapp-Nils og andre omreisende svenske spelmenn tok med seg polser og andre slåtter tilbake fra Innherred. Bak det mye brukte begrepet Lapp-Nils polska kan det således i mange tilfeller godt skjule seg en opprinnelig norsk slått.

Kontaktene har også vært mange sørover til spelmenn i Meråker og Stjørdalsbygdene. I tillegg var flere felespillere på 1800-tallet elever ved Brigademusikken i Trondheim, hvor de lærte seg å spille et annet instrument som f.eks. klarinett, tverrfløyte eller trompet. Her lærte de også noter, og samtidig møtte de et nytt repertoar med både dansemusikk og mye annen musikk. Både turdans- og rundansslåtter ble på denne måten spredt nordover til Innherredsbygdene. Fjorden var også en svært viktig ferdselsåre, og vi kjenner til flere spelmenn som hadde god kontakt med felespillere på Fosen. I tillegg fortalte spelmenn på Byneset utenfor Trondheim at de der i flere generasjoner hadde hatt kontakt med felespilmenn på Innherred og spesielt Frosta gjennom ferdselen på fjorden.

Slåttetradisjonen på Innherred har i mange bygder vært sterkt preget av enkelte sentrale spelmansfamilier. Dette gjelder særlig Verdalen, hvor familiene Indahl og Bjørken har produsert spelmenn i mange generasjoner. Senere har også familier som Røstad og Larsen kommet til. Men når det gjelder felemusikken på Innherred er det ingen som både lokalt og nasjonalt ruver slik som spelmanen Hilmar Alexandersen (1903-93) fra Egge i Steinkjer. Han spilte også hardingfele og hadde slåtter etter spelmenn fra både Steinkjer og det øvrige Innherred, foruten fra andre deler av fylket. Han lærte også slåtter av felespillere fra andre distrikter, og særlig lærte han mye av Nils Bakke (1887-1969) i Kristiansund. I tillegg hadde han en sterk familietradisjon på både mors- og farssiden, hvor særlig sang og tralling av gamle visetoner sto sentralt. Dette repertoaret er preget av en alderdommelig tonefølelse, som gjerne står i sterk kontrast til den durbaserte, funksjonsharmoniske slåttemusikken som synes å ha preget store deler av Innherred de siste hundre årene. Men vi finner noe av den samme tonefølelsen hos enkelte eldre utøvere som f.eks. Asbjørn Indahl (1912-82) i Verdal. I dag føres denne spillestilen og det spesielle repertoaret videre først og fremst av brødrene Einar Olav (f. 1979) og Gjermund Larsen (1981) fra Verdal.

I slåtterepertoaret på Innherred står polsdansen i en særstilling. Polsdansen spilles gjerne med en jevn, symmetrisk, tredelt takt i et ganske moderat tempo. Hører vi på eldre spelmenn som Asbjørn Indahl og Ola Suul er de tre taktslagene relativt likt betonte, ofte med et lett, gyngende og luftig preg. Samtidig er tempoet gjerne noe høyere hos de eldste kildene. Dette minner mye om spillestilen vi finner hos enkelte spelmenn i Meråker, kanskje spesielt hos Harald Gilland (1912-92) og i noen grad Svend Gravåsen (1911-85). Hos andre og særlig litt yngre felespelmenn er betoningen ofte noe endret, og eneren eller i noen tilfeller toeren er gjerne litt sterkere markert.

En del av polsdansene på Innherred spilles i B-tonearter som F-dur eller B-dur. Disse toneartene finner vi i enda større grad i mange av runddansslåttene, først og fremst gjelder det valsene. Det har vært spekulert mye rundt dette fenomenet. Den ene hovedteorien er at dette repertoaret kom til Innherred i en periode da B-tonearter var spesielt utbredt rundt om i Europa. Det dreier seg i så fall om siste halvdel av 1700-tallet og et lite stykke inn på 1800-tallet. Men hvorfor finnes det da så få slike slåtter i andre deler av landet? Den andre og kanskje mest utbredte teorien er at den store utbredelsen av B-toneartene på Innherred skyldes at felespillerne ofte spilte sammen med instrumenter som gjerne var stemt i B eller Ess, jfr. Brigademusikken. Det gjelder særlig klarinett og trompet. Hvis en klarinettspiller med en B-klarinettt spiller en slått i C-dur må felespilleren spille slåtten i B-dur for at det skal klinge likt. G-dur vil tilsvare F-dur, og F-dur vil tilsvare Ess-dur.

Ved siden av polsdansen er det runddansslåttene som utgjør den største delen av danserepertoaret på Innherred. Det dreier seg særlig om valser og reinlendere, hvor brurevalsene representerer en egen genre. Vi møter også en rekke polkavarianter som gjerne går under navn som pariser, polka eller galopp. I tillegg spilles det en og annen masurka, som enkelte kaller polka eller polkamasurka. Den gamle hallingen er for lengst blitt borte fra Innherredsbygdene. Men fremdeles spilles flere bruremarsjer og en og annen polonaise eller ril. Turdansslåttene har i nyere tid vært langt mer utbredt i Namdalen.

Det synes å ha vært en sterk tradisjon for samspill mellom flere instrumenter i slåttemusikken på Innherred. I eldre tider ble som tidligere nevnt instrumenter som tverrfløyte og klarinett brukt i samspill med fele, og i de tradisjonelle bryllupene ble det ofte slått på tromme sammen med fele eller klarinett på vei til og fra kirken. Vi har også flere eksempler på mindre bygdeensembler som spiller lokal dansemusikk, slik som Odin Oksås' ensemble fra Steinkjer. Men langt vanligere har det nok vært at to eller tre spillmenn har spilt sammen til dans. Da har gjerne to spilt fele og en har traktert cello, som har vært et svært utbredt akkompagnementsinstrument i Innherredsbygdene. Enkelte har også benyttet piano i samspillet, noe vi finner en rekke eksempler på i utvalget på denne platen. I tillegg har trøorgelet vært mye benyttet. Firmaet Isachsen og Renbjør på Levanger var lenge en stor produsent av trøorgel, eller harmonium, og også i Åsen har det vært laget slike instrumenter.

Durspill og større trekkspill har vært brukt både som soloinstrument og i samspill med fele, og i senere tid har disse to instrumentene utgjort kjernen i gammeldansorkestrene som vokste fram på slutten av 1960-tallet. På Innherred har vi hatt en rekke fremragende eksempler på slike orkestre, med Asmund Bjørkens orkester og P.A.Røstads orkester med Hilmar Alexandersen som de to viktigste. Ellers må den sterke positivtradisjonen i Steinkjerdistriktet trekkes fram, hvor positivbyggerne Thomas Fosnæs (1813-70) og spesielt Christian Tharaldsen (1839-1922) var de ledende på området og gjennom sin omfattende virksomhet skapte begrepet steinkjerpositiv.

I bygder hvor det var sæterdrift kunne man om sommeren høre instrumenter som lur og bukkehorn, foruten enkle fløyter laget av seljebark eller tre. Mye tyder på at også selvlagete gjeterklarinetter av tre har vært utbredt. Slike instrumenter finnes særlig i Meråker, men er også spesielt omtalt i eldre, skriftlige kilder fra Levanger og Inderøy. Noen vesentlig betydning for slåttemusikken har nok imidlertid ikke disse gjeterinstrumentene hatt. Derimot er det flere som har spilt melodier av ulikt slag, også slåtter, på nyere instrumenter som munnspill og blikkfløyte.

Mange spillmenn på Innherred var notekyndige, noe som førte til at de kunne spille noterte arrangementer og stemmer. Flere skrev også selv ned slåtter og dokumenterte på denne måten enten sitt eget repertoar eller slåtter de hadde hørt eller lært hos andre spillmenn. I mange tilfeller skrev de nok også av fra publiserte noter eller samlinger de hadde lånt eller skaffet seg, eller de kunne skrive av fra hverandres samlinger. Blant spillmenn som selv har samlet en god del folkemusikk fra Innherred kan nevnes Ole M. Bjørken, Nils Bartnes, Petter Benum, Andreas R. Opdal, samt Jakob Vingsand fra Osen/Trondheim. Disse samlingene er i dag hovedsakelig i privat eie, men det aller meste finnes kopiert ved Rff-sentret på Dragvoll. I tillegg har bl.a. Paul Okkenhaug, Helge Dillan og Geir Egil Larsen drevet privat innsamling gjennom både skriftlige nedtegnelser, lydbåndopptak og i noe begrenset grad på film. Fra slutten av 1960-tallet har Rådet for folkemusikk og folkedans, Rff-sentret drevet et omfattende dokumentasjonsarbeid av både dans og musikk på Innherred. Dette materialet omfatter både film, video, lydbånd, noter og fotografier. Musikkvitenskapelig institutt ved NTNU gjorde også noe innsamling på 1970-tallet, og i de senere årene har Folkemusikkinnsamlinga i Nord-Trøndelag drevet en god del innsamlingsvirksomhet.

Blant de viktigste publikasjonene med slåttemusikk fra Innherred er Albert Moen: 100 Norske slåtter Hefte I-II (Oslo 1946-), Helge Dillan: Folkemusikk i Trøndelag Band I-V (Oslo 1970-82), Ove Bjørken: Slåtter fra Innherred. Etter Ole M. Bjørkens samlinger (u.år) og Sven Nyhus: Hilmar Alexandersen - spelmanen og slåttene (Oslo 2003). I tillegg har Geir Egil Larsen gitt ut fire hefter, 12 fiolslåtter 1-4 (Verdal 1990-97), med ulike typer av arrangementer hovedsakelig rettet mot barn og nybegynnere på fele eller cellokomp.

Bjørn Aksdal

Spellmennene

Ole Bjørken (1890-1971) var fødd i Bjørken i Verdalen. Han hadde to eldre brør som spela fiol, og tjuvlånte instrument av dei, og alt som 12-åring spela han i sitt første bryllaup. Etter endt skogskole, kom han i 1919 til Sunnan som heradsskogmeister i Stod. Der spela han mykje i lag med Jarle Råen, og også litt saman med Hilmar Alexandersen. I 1931 flytta familien tilbake til Verdalen og kjøpte eit gardsbruk like ved heimegarden. Ole spela i lag med alle, og kona Marie kompa gjerne på orgel, men aller mest spela han saman med Jeremias Storhaug (1890-1963). Dei to var mest som brør å rekne. Jeremias var dyktig både som spellmann og slåttekomponist, og mange av slåttane hans vart spela inn på kassett i 1982 av Borghild Storhaug, P.A. Røstad sen., Øystein Larsen, Reidar Krokstad og Andreas Lunnan. Dessverre fekk vi ikkje tak i opptak med Jeremias til denne CD-en. Sjå elles artikkel om Jeremias Storhaug i Verdal historielags årbok 2003.

Opptaket med Ole er gjort siste året han levde, og er eitt av svært få tilgjengelege opptak der han spelar åleine. Ole spela ikkje så mykje lenger da, men dette solo-opptaket vitnar om ein uvanleg dyktig bøgdaSPELLmann. Ole var notekyndig, og sonesonen Ove har gitt ut mange av Ole sine nedteikningar i samlinga "Slåtter fra Innherred". Ole var med på dei to gammeldans-LP-ane som sonen, Asmund (f. 1933) gjorde på 60-talet. Ole, og spellmannsmiljøet kring han og Asmund, er livfullt skildra i Asmund Bjørkens bok: Spellmannen – "På gammel rutine og støgg mistanke", Communicatio 2003.

Odin Oksås (1891-1964) var bonde på garden Oksås i Egge. Odin var i utgangspunktet sjølvært på fiolen, men såg og lærte av andre dyktige fiolspellarar i Steinkjerdistriktet, m.a. beiststøingen Olaf Næss (1868-1949). Odin var groparbeidskar samtidig som han var kunstnar, og eit menneske med uvanleg stor omtanke og gjestfriheit for alt og alle. Fela brukte han så snart det var ei ledig stund, og ho var det første om morgonen og det siste om kvelden, - og i middagsvila sat Odin alltid i gyngestolen med attlatne augo og fiolen mot brystet. Det var ope hus på Oksås, og det var vanleg å treffast for å spela og ha det triveleg i lag. Opptaka på denne CD-en, som delvis er gjort av svigersonen, Asmund Hagen (1903-88), gir eit godt bilde av musikken og samspelet som ein viktig sosial faktor, slik det har vore for spellmenn innover Innheradsbygdene. Odin spela i lag med mange, og mykje i lag med Jarle Råen og Kristoffer Følling. Dessutan akkompagnerte kona, Anna (1896-1962), på piano/orgel. Hilmar Alexandersen

var ein av dei som lærte slåttar av sambygdingen Odin, som gjerne besøkte Hilmar. (Magnhild Vikan sin grunnfagsoppgåve om Odin frå 02/03 finst på Rff-sentret og ved Folkemusikksamlinga i Nord-Trøndelag)

Johannes Tronsmo (1887 – 1974) var bonde på Tronsmoen i Vera. I hans barne- og ungdomsår var Vera, etter dagens målestokk, eit ganske isolert samfunn. Kontakten over grensa til Sverige var ofte like sterk og naturleg som vestover Veresfjellet til Verdalen. Slåttane til Johannes ber og preg av dette. Johannes var sjølvlært som spellmann, men plukka nok opp både slåttar og spellmannskunst mens han var på skogsarbeid i Bjørkeide, der det budde dugande spellmenn. Johannes var ein kjent kulturperson, men ikkje alle i Verdalen visste at han var fiolspellmann, og han var i lange periodar utan fiol. Leif Løseth fekk redde nokre av slåttane hans for ettertida gjennom privatopptak som vart gjort i 1970 ein gong Johannes var på besøk hos Leif i Meråker.

Jarle Raaen (1908-2001) var i årevis bestyrar på kalkmølla på Sunnan. Musikken fekk han heime – først og fremst frå faren, Johannes H. Raaen (1870 – 1943), opprinneleg frå Ålen, som kom som stiger til Skrattåsgruva. Johannes spela både fele og durspell, og etter faren hadde Jarle fleire slåttar frå Rørostraktom. Jarle gjekk i lære hos ulike spellmenn i Steinkjerdistriktet, og han spela i lag med mange i alle slags samanhengar, men aller mest i bryllaup og på fest. I alle år hadde han god kontakt med Hilmar Alexandersen. Jarle kom tidleg med i Steinkjer orkesterforening og vart seinare med i Inntrøndelag spellmannslag. Heilt frå tida da Ole Bjørken budde på Sunnan, var Jarle mykje i lag med spellmenn frå Verdalen, men spela med kvart mest i lag med kona Josefa (1915-2001), fødd Volla, frå Stod, som kompa på orgel og piano. I tillegg vart borna, Marit og Bjørn, ofte med på spelingar. Jarle var ein beskjeden mann, som ikkje likte å framheve seg sjølv, men, som det går fram av denne CD-en, var han ein svært dyktig spellmann, som gjestfritt spela for folk som ville gjera opptak.

Peter Letnes (1911-1969). Barndomsheimen var liten, men full av musikk. Dei hadde salmodikon, citer, gitar og orgel, fløyte og fiolin, forutan ein patefon. Peter var yngst av sju søsken. Alt i seksårsalderen vakna interessa for fiolinen. Når dei andre var på skolen, nytta Peter høvet til å tjuvlåne fiolinen, og vart i første omgang sjølvlært. Mora var særskild musikalsk, og trala mange tonar for borna. Peter fekk på det viset lært mange gamle slåttar. Peter byrja tidleg å gå i note- og fiolinlære hos Peder Følstad på Røra. Dei tre søstrene hans spela orgel, så han fekk ofte tonefølgje når han spela. Berre 9 år gammal vart han henta frå skolen for å spela i bryllaup. Peter spela gjerne klassiske virtuose stykke og han var også ein habil trekkspelar og spela musikk av m.a. Frosini. Dette var musikk som han likte godt, men folk flest vil helst hugsa han i samband med god gammel dansemusikk frå Innherad. På 1960-talet spela han i Inntrøndelag symfoniorkester. Peter spela saman med mange spellmenn, men ikkje i noko fast gruppe. Mange kom til Peter Letnes for å ta opp og lære slåttar, også Hilmar Alexandersen, som seinare brukte fleire av slåttane han fekk av Peter.

Oddmund Røli (1902-1987) var fødd i Rølia i Henning. Han vart gift med Jenny og dermed gardbrukar på ein av dei andre Røli-gardane: Solberg. Oddmund var ein ivrig musiker og spela både gammeldansmusikk og vanleg underholdningsmusikk i lag med både Johan Kr. Bjerkem (piano) og Arne Heggdahl (cello). Han var med i Henning musikklag heilt frå starten i 1939.

Ragnar Ryan vart fødd i Henning i 1918 av foreldra Signe (f. Bjørnhus og som har gitt namnet til Signevalsen) og Lornts Ryan. Ragnar Ryan er ein habil pianist og har vore mykje nytta som akkompagnatør på festar og møte. Han har også spelt underholdningsmusikk og kompa til slåttemusikk. Boka "Portrett av ein historieforteljar" av Johan Einar Bjerkem (Norsk Folkeminnelag/Aschehoug 1999) er bygd på samtalar med Ragnar Ryan.

Kåre Haugan (1910 – 1996) begynte spellmannskarriera som orgelkompar for legendariske Ellev Indahl Kårengji (1855-1927). Kåre fortalte at første spelloppdraget var i eit "brøllåpp", det året han gjekk for presten, og mora måtte spørre presten om guten kunne få lov til å vera med på spellinga. Det vart greitt så sant guten kom heim før midnatt. At han vart til morgons er ei anna sak. Seinare vart det fiolen, og spennande er det å høre på Kåre sitt spel med tanke på at han hadde spela så mykje i lag med Ellev Kårengji. Med kvart spela Kåre i lag med bror sin Oddgeir (trekkspell), og Einar Hjelde (gitar) i Haugans trio. I seinare år spela Kåre mykje i lag med trekkspellaren John Lindseth.

Magnus Ertzgaard (1909 – 1986) var bonde på den Salthammergarden som ligg mellom P.A. Røstads Øver-Rinnan og Olav Inndals Rinnaunet. Det er svært spesielt at tri så nære naboar som Magnus, Olav og Petter Andreas sen., alle er tildelt Kongens fortanestemedalje, og alle tri med tradisjonsmusikken som sentrale moment for tildelingane. Magnus opplevde musikken heime, og lærte seg å spela alt som gutungen. Far til Magnus, Gustav (1871-1947), spela piano i Frol orkester, der Magnus sjølv var med i alle år. Magnus likte å sekundere og improvisere 2.-stemmer, og han skreiv ned slåttar heile livet. Som dyktig notespellmann, vart han i mange år spellmann for Levangerringen, og spela i dette miljøet ein del saman med Arne Nordtug. Av eldre fiolspellarar som Magnus lærte av, kan Johannes Sundnes nemnast.

Arne Nordtug (1913-1996) budde storparten av sitt vaksne liv på Steinkjer, der han arbeidde som snekkar. Faren, Peter Nordtug (1883-1964) spela fiol, og Arne hadde ein heil del slåttar etter han. Arne var i årevis trufast spellmann i Inntrønderringen, og var også spellmann på ein del av Noregs ungdomslag sine sommarkurs. Arne var i mange år med i Inntrøndelag symfoniorkester. Arne var smålåten og beskjeden, og hadde stor glede av at folk brydde seg om spellinga hans. Særleg gledde han seg over responsen han fekk frå det organiserte folkedansmiljøet i IU/NU. Han var også ivrig korsongar. Arne rekna seg alltid som beitstøing, og flytta attende til Sprova som pensjonist.

Arvid Egge (f. 1914) er kjent både som fiolspellmann og gitarist. Han har spela i 410 bryllaup og på tallause festar, og som gitarist spela han ein god del i lag med m.a Hilmar Alexandersen. I 1938 sykla dei to i lag både til Kristiansund og til Gäddede. I Kristiansund besøkte dei Nils Bakke, som Hilmar kjende frå før, og Nils Bakke klarerte med politiet så dei to framandkarane fekk lov til å spela på gata og tene seg nokre kroner. Arvid Egge lærte fiolspell heime av far sin, Konrad Egge, som også kunne noteteori. I tidlege ungdomsår spela Arvid mykje i lag med Oluf Homnes (1865-1949) som han lærte mange slåttar av.

Anfinn Moen (1920-2003) var ein allsidig kulturperson, som var vel inne i slåttetradisjonane først og fremst etter dei gamle storspellmennene i Henning, Sparbu. Han tok over garden Langmarka, etter faren, Sverre (1883-1951), som i si tid kjøpte garden av spellmannen Edvard

Langmark (1853-1926). Bortsett frå at Anfinn var ein dyktig piano/orgel-kompar, vil han i spellmannskretsar først og fremst bli huska for cellokompet sitt. Anfinn var kanskje den siste som kunne skikkeleg tradisjonelt "villspell", improvisert cellokomp med islett av "obligat"(2.-stemme)-spell på cello. Dette spillet hadde han truleg etter faren, som sjølv spela cello, og som på si side var bror til slåttesamlaren og stortingsmannen Albert Moen (1879-1962).

John Næsvold d.y. (1912-1978). Far til John Næsvold, som bar same namnet og levde frå 1879-1937, var også spellmann, og sonen lærte i første omgang å spela heime, slik som mange andre vi møter på denne CD-en. John Næsvold d.e. vart henta til Skrattåsgruva av faren til Jarle Råen. Begge desse kom opprinneleg frå Ålen og har ein god del Rørosslåttar etter seg i Steinkjerdistriktet, m.a. spela Hilmar Alexandersen fleire av desse. John Næsvold d.y. var kanskje like interessert i det klassiske repertoaret som i slåttemusikken.

Hilmar Alexandersen (1903-1993) høyrer til mellom landets aller fremste spellmenn på 1900-talet. Ein kjelde-cd frå Innherred utan Hilmar Alexandersen er utenkjeleg. På den andre sida er Hilmar så godt kjent og grundig presentert og dokumentert at det er unødvendig å gi han større plass i denne samanhengen. Seinast våren 2003, under den første "Hilmar Alexandersen folkemusikkfestival" på Steinkjer, kom Sven Nyhus si flotte bok om Hilmar ut. (Utgjeve av BUL Steinkjer) Ein CD med Hilmar-innspellingar frå NRK sitt arkiv følgjer med som vedlegg til denne boka.

Dei mest interessante Hilmar-opptaka på kjelde-CD-en er dei tri siste spora som er tatt opp "live" i bryllaupet til Svanhild og Gunnar Bjerkan i 1959. Akkompagnatør i bryllaupet var organisten **Sturle Hallås** (1913-1997) frå Beitstad, som var Hilmar sin faste medspellar i desse åra. Sturle hadde eit heilt uvanleg rikt og variert piano/orgelkomp, og følgde med Hilmar også når det vart spela såkalla "sviske", eller klassiske perler, om ein vil. På spor nr. 36 spelar **Petter Andreas Røstad sen.** (f. 1927) i lag med Hilmar. Dette er i høgste grad det vi kan kalle eit feltopptak. Dei to i lag er også så grundig publisert, i mange samanhengar, at vi syntest det her var spennande å vise korleis det fungerte når Petter var på besøk hos Hilmar, og bandopptakaren "sto og gjekk" – og Hilmar serverte slåttar som Petter aldri før hadde hørt. Ein viktig grunn til at samarbeidet mellom Hilmar og Petter A. vart så vellukka, var nettopp Petter si evne til å ta slåttane på strak arm – både når det galdt harmonisering og obligatspell.

Olav Inndal (f. 1924) er kårmann på garden Rinnaunet i Frol, Levanger, dit familien kom flyttande frå Verdalen i 1935. Olav fekk første fiol'n like etter, og lærte litt av spellmenn i næraste nabolaget, som Magnus Ertzgaard. Seinare spela han i lag med ulike trekkspellarar som norgesmeister Tor Albertsen, nabo Petter A. Røstad sen. og Asmund Bjørken, og vart sjølv sagt også påverka av fleire fiolspellande søskenbarn - og onkel Jeremias Indahl i Øster-Inndala, men seier at han er mykje godt sjølvlært som fiolspellmann. Det eksisterer ikkje mange opptak med Olav som solo fiolspellmann, men desto fleire innspellingar - m.a. mange plater - i lag med nokre av våre fremste gammeldansorkester. Olav har også gitt ut fleire notehefte med eigne slåttekompisisjonar. Aller mest kjent er han som komponist av Noregs mest kjente brurvals, Trønderbrura.

I ei særstilling på denne CD-en står spillet til **Indahlskarran'** og **Sulingan'** – og vi må også ta med Kåre Haugan. Desse spellmennene hadde ikkje notebakgrunn, som dei aller fleste andre på denne CD-en - på godt og vondt. Nei, her er det heilt og fullt snakk om såkalla "munnleg" overføring i eit miljø der det gamle slåttspillet var svært levande. Musikken var bruksmusikk og spellmannen var verdsett som ein viktig person i miljøet. Og slik hadde det vori i generasjonar. Når Ville Roempke i boka "På spelferd med Låt-Nils" prøver å finne ut kva for spellmenn den legendariske Lapp-Nils (1804-1870) kunne ha lært hos i 1817/18 da han kom til Verdal/Levanger, peikar to av forfedrene til Indahlskarran' og Sulingan' seg ut – nemleg Johannes Ellevsen Årstad (1792-1841) og Arnt Johnsen Linset (1793-1880).

Indahlskarran' kjem frå ein stor søskenflokk som voks opp i Øster-Inndala: **Gunnar** (1910 – 2001) som var bonde på heimegarden og som spela både fiol (gjerne 2. fiol) cello og bratsj; **Asbjørn** (1912 – 1982) fiolspellmann som i ungdoms år budde ei tid hos gammelonkelen Ellev Kårengji, og lærte slåttar og tok etter spelestil hos han; **Trygve** (1914 – 1997) som her kompar på piano; – og yngstemann **Ellev** (f. 1927) - fiolspellmann som arva ein del av spelestilen til faren, Jeremias Indahl (1882-1948), som "spela vakkert" og hadde uvanleg mange polsdansar på repertoaret. Far til Jeremias var Annæus Indahl (1849-1907), som Nils Andersson skreiv ned slåttar etter. Ellev Indahl Kårengji (1855-1927) var bror til Anneus, og faren deires var Ole Arntsen Indahl (1818-1907), eller Ol-Arntsa, som det heiter.

Ellev er gift med **Hildur** (f. Skjerve i 1929). Ho kompar her Ellev på piano, men starta karrieren på eit lite eintrøys orgel i heimegarden, og vart med kvart også dugande trekkspellar.

I Sul budde så søskenflokk, **Ola** (1907-1995) som spela fiol, **Narve** (1916-1978) og **Tørge Suul** (f. 1923) som begge spela både trekkspell og piano/orgel. Ellev Kårengji var morfar til denne trio, og Ola lærte mykje både av slåttar og om spelestil av Ellev – m.a. demonstrerte Ola korleis morfaren kunne variere frå å spela varleg einstrengs melodispell til i neste augneblinken å "dråggå i veg over både to og tri strengji" der rytmisk markering var langt viktigare enn tydeleg melodispell. Ola fortalte mykje frå miljøet omkring morfaren, og hadde mange replikkar etter han – m.a. at "polsdansen – de e bære ovla de". Poenget var å gi dansarane takt og rytme å danse etter. Vidare siterte ofte Ola morfaren når han spela i 3. posisjon, som også Ola gjerne gjorde, at det var som å klatre opp Skalstufjellet.

Sulingan' og Indahlskarran' kunne mykje godt same slåttane, og spela ofte med kvarandre – og i lag med alle andre spellmenn, når det høvde slik.

Geir Egil Larsen

Om slåtteval og opptakssituasjon

Det er spennende å vita at denne CD-en er å sjå på som toppen av et isfjell, han inneheld berre ein liten del av alt det som finst. CD-en er ein liten smaksprøve på eit stort og spennande

materiale som finst tilgjengeleg i ulike arkiv, og som arkiva kan hjelpe interesserte med å finne fram til og utforske nærmare.

Likevel vil det alltid vera slik at ein skulle ønskt å ha med fleire spellmenn og slåttar på ein CD som denne, t.d. Jeremias Storhaug (Sjå avsnittet om Ole Bjørken). Men ofte er det ikkje råd å finna tak i opptak, eller opptaka er av så dårleg teknisk kvalitet at dei ikkje kan brukast.

Det er svært viktig å understreke at denne CD-en er ein kjelde-CD, og at ingen av opptaka, utanom spor 34 med Hilmar Alexandersen, er gjort med tanke på offentleg publikasjon. Opptaka på CD-en er det vi kan kalle feltopptak, anten dei er gjort i t.d. bryllaup eller heime i stua hos utøvaren.

Når Trøndelag folkemusikklag gir ut denne samlinga, er det med stor respekt og vørndnad for spellmennene og den tradisjonen dei representerer, og med eit inderleg ønske om å lata nye generasjonar få sjansen til å oppdage det mangfaldige og spennande materialet som finst arkivert.

Slåtteoversikten

I eit miljø der slåttspelltradisjonen er levande, vil det alltid finnast ulike variantar av slåttane. Slik også på denne CD-en. Nokre gonger er det lett å høre at det er same slåttan som blir spela, medan likskapen ikkje er så tydeleg andre gonger. Vi har valt å ikkje merke av likskap eller samsvar mellom slåttane i slåtteoversikten.

Når det gjeld utøvarane, er felespellaren konsekvent nemnt først. For andre utøvarar er instrumentet tatt med.

1. **Storpolsen. Asbjørn, Gunnar (2. fiol) og Trygve Indahl (piano).** Privatopptak Per Fikseaunet tidleg på 70 talet. FSNT/Rff DAT.
2. **Barsengvalsen. Asbjørn og Trygve Indahl (piano).** Dette er ein av to valsar som blir kalla barsengvals (barseng tyder barn/barsel-seng) og slåttan er programmusikk på den måten at han skal skildre hendingar omkring ein barnefødsel. Privatopptak ved Per Fikseaunet tidleg på 70- talet. FSNT/Rff DAT.
3. **Polsdans. Peter Letnes.** Opptak v/Kåre Grøttum 1964. Rff NFMI I.
4. **Kall'n og kjerringa. Vals. Peter Letnes.** Opptak v/Kåre Grøttum 1964. Digitalisert ved Nasjonalbiblioteket, avd. Rana frå Norsk folkemusikksamling sin original. Rff NFMI I.
5. **Nusseline Dampen. Ringlender. Odin Oksås.** Med annonsering og tralling. Privatopptak Asmund Hagen sist på 50-talet. FSNT/Rff DAT.

6. **Ringlender. Odin Oksås' ensemble.** Hilmar meinte at denne slåttten var e. Oluf Homnes. Privatopptak Asmund Hagen sist på 50-talet. FSNT/Rff DAT.
7. **Masurka frå Stod. Jarle Råen.** Lært av faren. Opptak Ola Kai Ledang. 1967. Rff MIT 2
8. **Galopp frå Stod. Jarle og Josefa Råen (piano).** Lært av spellmenn i Stod. Opptak Reidun Aune. 1972. Rff MIT 157.
9. **Korporalen. Vals. Jarle og Josefa Råen.** Skal vera komponert av Michael Sæter (f. ca. 1920) Opprinneleg frå Namdalseid (den gongen Beitstad). Sjå Aksdal: Spelemann og smed, s. 41. Tapir 1988. Opptak Reidun Aune. 1972. Rff MIT 158.
10. **Ringlender. Jarle og Josefa Råen.** Privatopptak Jarle Råen. Truleg på 60-talet.
11. **Vals etter Odin Oksås. Jarle og Josefa Råen.** Privatopptak Jarle Råen. 70-talet. Rff Ls 1227.
12. **Galopp. Jarle og Josefa Råen.** Jarle spelar obligatstemme, som er laga av Josefa Råen. Privat trickopptak Jarle Råen sist på 50-talet Rff Ls 1227.
13. **Vals. Arne Nordtug.** Lært av faren, Peter Nordtug. Valsen blir kalla "Slåtten hans Even Bergje". Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 86.
14. **Polstdans. Ole Bjørken.** Privatopptak Geir Egil Larsen 1970. Rff DAT.
15. **Vals i B etter Ellev og Jeremias Indahl. Kåre Haugan.** Opptak Ivar Mogstad og Geir Egil Larsen 1990. Rff Ls 1230.
16. **Polstdans i F e. Ellev og Jeremias Indahl. Kåre Haugan.** Opptak Ivar Mogstad og Geir Egil Larsen 1990. Rff Ls 1230.
17. **Polstdans i C e. Ellev og Jeremias Indahl. Kåre Haugen.** Opptak Ivar Mogstad og Geir Egil Larsen 1990. Rff Ls 1230.
18. **Gropen på basa. Vals. Ola, Narve og Tørge Suul.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 115.
19. **Polstdans e. Jeremias Indahl. Asbjørn Indahl.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 90.
20. **Gropen. Asbjørn Indahl.** Verdalsstrad. Jamfør Storhurven. Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 91.
21. **Polkamasurka e. Ol'Arntsa. Asbjørn og Ellev Indahl og Magnus Ertzgaard (2. fiol).** Om polkamasurka/masurka/polka, sjå innleiinga. Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 91.
22. **Ril. Asbjørn Indahl. Ellev Indahl og Magnus Ertzgaard kjem med etter kvart.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 92.

23. **Brurmarsj.** Ellev og Hildur Indahl (piano). Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 90.
24. **Når Stina vasker sin søndagsserk. Vals.** Ellev og Hildur Indahl. Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 90.
25. **Vals i trad. frå Inndalen.** Ellev og Hildur Indahl. Opptak Ivar Mogstad 1990. Rff Ls 1221.
26. **Verdalsmarsjen.** Ellev og Hildur Indahl. Sitatet – "Æ kjenne kor de lokte sodd", som Kjersti Høgli Slapgaard - f. 1936 og oppvaksen i Inndalen – sa det ein gong ho hørte denne marsjen, fortel både om miljø og tradisjonar. Opptak Ivar Mogstad 1990. Rff Ls 122.
27. **Slåttarpolsen hans Johannes Tronsmo. Olav Inndal.** Olav laga denne polsen og spela slåtten same dagen, i lag med P.A. Røstad sen., i eit fjernsynsprogram med Odd Grythe frå Soria Moria. Johannes Tronsmo med fleire var med i programmet og demonstrerte gammeldags ljåslått. Privatopptak Geir Egil Larsen 1970. Rff DAT.
28. **Andersvalsen. Olav Inndal.** Valsen blir i Verdalen også kalla "Valsen hans Anders Næss", etter Anders Hanssen Slapgård (fødd 1818 - død i USA), som var både spellmann og kjø'meister, og, som i Verdalen, seiest å ha laga valsen. Privatopptak Geir Egil Larsen 1970. Rff DAT.
29. **Brurmarsj e. Lauritz Spællmann. Magnus Ertzgaard.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 85.
30. **Brurvals e. Aneus Indahl. Magnus Ertzgaard.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 87.
31. **Ringlender.** Oddmund Røli og Ragnar Ryan (orgel). Privatopptak Endre Ryan 1972. FSNT/Rff DAT.
32. **Vals. John Næsvold akkompagnert av trøorgel og bass.** Privatopptak Asmund Hagen sist på 50-talet. FSNT/Rff DAT. (jamfør Peter Letnes)
33. **Solveigs reinlender av Asmund Hagen. John Næsvold** akkompagnert av trøorgel og bass. Privatopptak Asmund Hagen sist på 50-talet. FSNT/Rff DAT.
34. **Bansull e. Ingeborg Alexandersen. Hilmar Alexandersen.** Opptak Geir Egil Larsen 1971. Rff MIT 125.
35. **Min sukkersøde venn. Ringlender.** Hilmar Alexandersen – hardingfele. Opptak Arild Hoksnes og Wiggo Walle 1986. Rff Ls 1381.
36. **Vals e. Bikkje-Fredrik.** Hilmar Alexandersen og Petter Andreas Røstad sen. (trekkspill). Opptak Arild Hoksnes og Wiggo Walle 1986. Rff Ls 1384.

37. *Polsdans*. Johannes Tronsmo. Privatopptak Leif Løseth 1970. Rff DAT.
38. *Ringlender*. Johannes Tronsmo. Privatopptak Leif Løseth 1970. Rff DAT.
39. *Masurka*. Arvid Egge og Anfinn Moen (piano). Opptak Reidun Aune 1972. Rff MIT 156.
40. *Polsdans*. Arvid Egge og Anfinn Moen (piano). Opptak Reidun Aune 1972. Rff MIT 156.
41. *Ringlender av Ole Reitan*. Hilmar Alexandersen og Sturle Hallås (piano). Privatopptak Gunnar Bjerkan 1959. FSNT/Rff DAT.
42. *Stakkars Per. Turdans*. Hilmar Alexandersen og Sturle Hallås (piano). Denne turdansen med polka var i bruk i distriktet for nokre tiår sidan. Privatopptak Gunnar Bjerkan 1959. FSNT/Rff DAT.
43. *Polsdans e. Johan Fornes*. Hilmar Alexandersen og Sturle Hallås (piano). Privatopptak Gunnar Bjerkan 1959. FSNT/Rff DAT.